

## NYHENDE


Andre kvartal 2019

- **Samarbeidsmøte med Næringsshagen i Odda** 15. mai i Øystese. Samarbeidet skal vere eit verkemiddel i arbeidet med nyskaping og innovasjon i kvar sine respektive regionar. Dyktige folk frå Odda presenterte arbeid og framtidsplanar; Øyvind Stueland, Ida M Elstad og Heidi Torkelson Ryste, som er ny dagleg leiar i Næringsshage i Odda.
- **Sivakonferanse i Trondheim** 20. – 21. mai, og Fagdag 22. mai. Næringsshagen deltok med alle 4 tilsette, samt Yamen Bohsas som er midlertidig prosjektmedarbeidar. Sivakonferansen er ein nasjonal møtestad for næringsliv, forskning, innovasjon og offentleg forvaltning. Konferansen hadde mange kjende førelesarar bl.a. næringsminister Torbjørn Røe Isaksen, og ein flink Arne Hjeltnes som konferansier og «linselus» 😊
- **Opning av kontor i Eidfjord** 6. juni – NIH presenterte næringsshagen og dagleg arbeid. Me var så heldig å få spanande presentasjonar frå; Eidfjord Resort, Hardanger Fjordsafari og Fjåk. Det var godt fram møte med i alt 24 engasjerte deltakarar. Samlinga vart avslutta med smakfull lunsj hjå Borghild Vik på Eidfjord Fjell og Fjord Hotel. Framover vil me ha 2 faste kontordagar i månaden i Eidfjord.
- **Samarbeidsmøte med Næringsshagen på Voss** 7. juni på Voss. Bakgrunn for samarbeidet gjeld det same som for Odda. Denne gongen vart bl.a. nybygget til Voss Gondol diskutert, der Næringsshagen på Voss flyttar inn i august. Spanande tider for Sissel K M Bjørkhaug, Thomas Abrahamsen og Hanne Heggen Hedenstad, som er ny dagleg leiar i Næringsshagen på Voss.
- **Ostekurs** 11. – 12. juni i Holmatun Øystese. - 12 engasjerte bønder og osteinteresserte var med på kurset. Fagansvarleg var Pascale Baudonnel som er utdanna ysteteknolog i Frankrike. Ho har vore budeie og geitebonde i 30 år, driv i dag Ystebui og er tilsett på Undredal Stølsysteri. Kjersti Bjørke som er ansvarleg for oste-prosjektet var inspirert deltakar. Resultatet var bl.a. surmjølk, fetaost og kulturmjølk for seinare foredling. Målet er å sjå om det er grunnlag for å starte eit ysteri i Mathuset (Meieribygget).
- **Studietur til Ostegården** på Krokeide i Fana 14. juni. NIH arbeider med å få i gang osteproduksjon i Hardanger. Prosjektgruppa "Ost i Hardanger" var på interessant og lærerik studietur hjå Jørn Hafslund. Viktig å lære hjå dyktige fagfolk med topp kompetanse og lang erfaring.
- **Vil du starta di eiga bedrift?** - Gründerakademiet – er eit verktøy for etableraropplæring. NIH skal hjelpe gründerspirer til å lukkast med realisering av sine forretningsidéar og bedrifter. Me skal i løpet av hausten gjennomføre 4 samlingar a 2 dagar. For meir info sjå [www.hardangerhagen.no](http://www.hardangerhagen.no)

**Spanande tider og nytenking.** Styret i NiH har invitert styreleiar og dagleg leiar i Næringsshagen på Voss og Næringsshagen i Odda til møte etter sommarferien. Der dagsorden er å drøfte mogleg fusjon av næringsshagane. Bakgrunn er å gje næringslivet i regionen eit best mogleg tilbod av tenester.

**Ny medarbeidar i Næringsshagen** – frå mai og førebels fram tom desember er Yamen Bohsas leigd inn i arbeidet med Osteoprojektet. Yamen bur i Øystese, men er opphavleg frå Syria. Han har utdanning og master som matingeniør. Me er kjempe heldig som kan nytte oss av Yamen sin kunnskap.

Me har klinga i **Skipsklokka** vår 2 gong dette kvartalet. Ein happening ved nye medlems/målbedrifter. Velkomen til målbedrift **Mathuset i Hardanger og Hardangerfjord Adventure**. No tel me 15 medlems- og 30 målbedrifter.

Me i Næringsshagen ynskjer alle ein strålende sommar.   
Sigmund, Kjersti, Thor-Arvid, Yamen og Marita

